

## **SAMLING REGIONRÅDET/RÅDMANNSUTVALET**

**Møtedato:** Onsdag 14.3.2018, kl. 09:00 – torsdag 15.3.2018, kl. 13:00

**Stad:** Gol, Oset Høyfjellshotell

### **Desse møtte frå Regionrådet:**

Petter Rukke,	Hol kommune
Solveig Vestenfor,	Ål kommune
Heidi Granli,	Gol kommune
Oddvar Grøthe,	Hemsedal kommune
Tore Haraldset,	Nes kommune
Tor Egil Buøen,	Flå kommune

Knut Arne Gurigard, dagleg leiar

Ulrikke Ytteborg, prosjektleiar

### **Desse møtte frå rådmannsutvalet**

Ole Johnny Stavn,	Hol kommune
Tone Tveito Eidnes,	Ål kommune
Hege Mørk,	Gol kommune
Jan Olav Helling,	Hemsedal kommune
Torbjørn Hansen,	Nes kommune
Ole Johnny Stavn,	Flå kommune (torsdag)

---

## **TEMA FOR DRØFTING (kort oppsumert):**

### **Regionalt samarbeid, synspunkt rundt bordet**

Det regionale samarbeidet og samarbeidet regionrådet – rådmannsutvalet vart drøfta. I tillegg vart det drøfta korleis det kan skapast sterkare legitimitet og forståing for interkommunalt samarbeid. Punkt som kom opp var m.a. styrka informasjon frå t.d. regionrådet og informasjon i den einkilde kommune, i tillegg moglegheit for drøfting av saker på «heimbane». Profilering og marknadsføring av positive resultat vart og nemnt.

### **Korleis kan ein best mogleg planleggje og organisere prosjekt som skal over i fast drift?**

Prosjekt blir av og til gjennomført utan at det er klargjort eventuell vidareføring i fast drift. Det vart drøfta korleis ein på ein betre måte avklare framtida for eit prosjekt som skal over i ein driftsfase. Betre klargjering i samband med prosjektetablering og målsettingar vart peika på som viktig. «Klarast mogleg tidlegast mogleg». Men det vart og peika på at enkelte gonger synleggjorde prosjektet at det vidareføring var ynskjeleg/nødvendig.

### **Strategisk plan for Hallingdal, Handlingsprogrammet 2018**

Handlingsprogrammet 2018 vart drøfta i forhold til aktuelle tiltak og innspel for gjennomføring.

### **Tiltak Livskvalitet**

Det vart orientert om tiltaket Livskvalitet (tiltak 1 Handlingsprogrammet 2018). I etterkant var det drøfting i forhold til vidare arbeid.

### **Viken fylkeskommune**

Framtidig Viken fylkeskommune med moglegeheiter og utfordringar vart drøfta, m.a. i forhold til eige prosjekt Regionrådet for Hallingdal og Buskerud fylkeskommune.

### **Evaluering av kommunale senger ved IMA (intermediær avdeling)**

Det er eit overordna politisk ansvar å sikre at alle innbyggjarar i Hallingdal har eit likeverdig tilbod om tenester frå IMA og Hallingdal sjukestugu. Evalueringa har synleggjort at det er stort sprik mellom kommunane i den grunnleggjande tenkinga om interkommunalt samarbeid og forholdet mellom lokalt ansvar og felles ansvar. På Hallingtinget 30.10.2017 var det semje om at rådmennene må følgje opp evalueringsrapportane i forhold til aktuelle tiltak og forbetningspunkt, og koma med forslag som grunnlag for ei eventuell revidering av avtale. Det vil bli eigen sak om temaet på mai-møte i regionrådet.

Hallingdal 16.3.2018  
Knut Arne Gurigard  
Dagleg leiar